



Nina og Knut Harald Hjelmtveit
Seimsleitet 39A

5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1951 - 15/22423

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
16.06.2015

Svar på søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nillshøyen

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Nina og Knut Harald Hjelmtveit
Advokatpartner ANS



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
098/15	Plan- og miljøutvalet	PS	10.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	14/1951

Søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen

Vedlegg:

2.gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt
Krav om gjenopptak av behandling av planforslaget Nilshøyen
Vedlegg Forslag til reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Plan- og miljøutvalet - 098/15

PM - behandling:

Fellesframlegg:

Plan- og miljøutvalet avviser saka slik den føreligg.

Fellesframlegget vart vedteke mot 1 røyst (Kåre Romarheim-Krf).

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet avviser saka slik den føreligg.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet hadde 6. mars 2013 framlegg til reguleringsplan for Nilshøyen oppe til 2. gangs handsaming. Det vart halde synfaring på staden.

Adminstrasjonen hadde i saksutgreiinga tilrådd planen slik den låg føre. Etter synfaring gjorde plan- og miljøutvalet følgjande vedtak:

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2013

PM-utvalet var på synfaring før møte tok til.

Fellesframlegg:

Plan og miljøutvalet meiner at tilkomst til tomtane 12, 13, 14 og 15 ikkje kan gå gjennom tunet til Kolaas. Vi bed difor utbyggjar om å leggja fram ei ny vegframføring til desse tomtane.

Plan og miljøutvalet er positive til ei eventuell omdisponering av tomt 8/9 til barnehage, dersom dette gjer rom for ei betre vegløysing.

Kotehøgda på plankartet skal endrastr til 21 moh på tomt 11.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Vedtaket i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2013

Vurdering

Etter vedtaket i plan- og miljøutvalet gjorde dei som står bak planen, Nina og Knut Harald Hjelmtveit, det klart at dei ikkje ønskte å gå vidare med planen på dei vilkåra som utvalet stilte. Som dei gjer greie for i vedlagte skriv meinte dei at vedtaket var gjort på feil grunnlag.

Dei som står bak planen, Nina og Knut Harald Hjelmtveit, har tatt kontakt med administrasjonen med krav om at plan- og miljøutvalet tek planen opp til ny vurdering , slik den låg føre fram til 2. gangs handsaming 6. mars 2013. Dei meiner at plan- og miljøutvalet (PMU) sitt vedtak i hovudsak var tufta på den sterke motstanden som vart framført av eigar av gnr 172 bnr 16.

Hjelmtveit har sendt over erklæring gjeve av nye eigar på bnr 16. Dei skal etter erklæringa overta eigedomen 07.07.15. Hjelmtveit meiner denne erklæringa gjev grunnlag for at saka vert handsama på nytt.

Adminstrasjonen har ikkje gjort noko realitetshandsaming av søknaden/ kravet frå Hjelmtveit. Det er opp til utvalet å avgjera i kva grad dei ser på dei nye opplysningane som relevante i

høve deire vurderingar som låg til grunn for vedtaket 06.13.15. Korke tiltakshavar eller kommunen har gjort endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket til PMU.

Kva skal utvalet ta stilling til:

Plan- og miljøutvalet må på bakgrunn av skriv frå Hjelmtveit vurderer om dei ønskjer å ta saka oppatt til ny vurdering. Dersom utvalet meiner dei nye opplysningane er av ein slik karakter at det er grunnlag for å gjera ein ny vurdering, kan dei be om å få saka opp til realitetshandsaming i eit seinare møte. Møteprotokoll frå PMU møte 06.03.15 er lagt ved.

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

.....